

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** mandag 13. september 2021 14:26  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Dispensasjon frå veglova, gbnr173/3 Rydland, Alver kommune

**FileMailEnforce:** 0

For registrering på sak

### Med helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no/](http://www.alver.kommune.no/) epost: [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)



---

**Fra:** Inge Herman Rydland <[rydlandmail@gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)>  
**Sendt:** mandag 13. september 2021 14:03  
**Til:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>; Anne Lise Molvik <[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** [Tone.Boyum@vlfk.no](mailto:Tone.Boyum@vlfk.no); [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no); Inge Herman Rydland <[rydlandmail@gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)>  
**Emne:** Re: Dispensasjon frå veglova, gbnr173/3 Rydland, Alver kommune

**Referanse: Brev i frå Alver Kommune v/Frøysland/Molvik, datert 11. september 2021. Dykkar referanse: 21/345 - 21/60025 - svar på førespurnad om status i sak - gbnr 173/3 rydland**

Eg viser til brev motteke i dag i Digipost.

I dette brevet framgår det att kommunen ikkje mottok kopi av den dispensasjonssøknad eg sende til fylkeskommunen 30 mars 2021. Det stemmer ikkje.

Under denne e-posten ligg søknad til fylkeskommunen om dispensasjon - renovering av driftsbygning langs Fv 5472 Seimstranda, Gnr 173 bnr 3, Alver kommune, ref.: 2021/7857-2.

Her er kopi av adressefeltet for e-post av 30. mars 2021:

fra: **Inge Herman Rydland** <[rydlandmail@gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)>  
til: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)  
kopi: [Tone.Boyum@vlfk.no](mailto:Tone.Boyum@vlfk.no),  
Anne Lise Molvik  
<[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)>  
dato: 30. mar. 2021, 13:03

emne: Dispensasjon frå veglova, gbnr 173/3  
Rydland, Alver kommune

sendt av: [gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)

Heile søknaden er limt inn her under.

Søknaden vart altså kopiert til Alver kommune v/Molvik den 31. mars 2021, slik me vart samde om før eg sende søknaden.

Om oppmodinga til meg om å ta direkte kontakt med fylkeskommunen: Reint forvaltningsmessig er det Alver kommune sitt linjeansvar å fylja opp det brev som fylkeskommunen sende kommunen om utvida saksbehandlingsfrist av 4. juli 2021, med kopi til meg.

Dersom direkte kontakt mellom meg og fylkeskommunen kan bringa denne saka framover, nyttar eg dette høvet til å kopiere in fylkeskommunen, både for å minna fylkeskommunen om søknaden min, men også for å sikra open kommunikasjon i saka.

Er noko uklårt, set eg pris på om Alver kommune og/eller fylkeskommunen tek kontakt som snart råd er. Som eg allt har skrive i dispensasjonssøknaden og i brev til kommunen - eg er ikkje sikker på om løetaket klarar ein vinter til.

mvh

Inge Herman Rydland  
grunneigar 173/3, Rydland

tir. 30. mar. 2021 kl. 13:03 skrev Inge Herman Rydland <[rydlandmail@gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)>:

Saka gjeld:

**Søknad om dispensasjon - renovering av driftsbygning langs Fv 5472 Seimstranda, Gnr 173 bnr 3, Alver kommune**  
**ref.: 2021/7857-2**

**Fylkeskommunen**

**Vestland**

**v/Tone Bøyum, senioringeniør**

Eg takkar for svar i frå Vestland fylkeskommune om denne saka, og klargjering av rollen fylkeskommunen har som vegstyresmakt.

I tråd med svar i frå fylkeskommunen, og brev i frå Alver 28. mars 2021, der denne saka er nemnd, søkjer eg om dispensasjon i frå veglova for dette prosjektet. Målet er å ta vare på og å gjera driftsbygningen tenleg til lager for utstyr og maskiner som eg nyttar i skogen og for vedlikehald på garden, men også laga plass for å ta vare på gamle gardsmaskiner som var viktige i drifta av garden i mange tiår.

Grunngjevinga er som følger:

- Fylkeskommunen har, so langt eg kan forstå, påpeika avstanden frå hjørnet på noverande gjødselskjellar til midten av vegen er ca 6 meter, og att det difor er naudsynt med dispensasjon i frå veglova. Då den "nye" vegen var bygd rett gjennom gardstunet på gbnr 173/3, erstatta den den Trondhjemske postvegen, som skilde gbnr 173/3 og 173/5 i frå kvarandre. Det hende, etter det dei seier som kjenner saka betre enn meg, ca 80 år etter att løa vart bygd.
- Gjødselskjellaren vart fullstendig renovert for 5 år sidan (etter att taket kollapsa). Det prosjektet vart godkjend av Lindås kommune. Den delen av driftsbygningen er difor allt reparert, og inngår ikkje i dette prosjektet. Det vart i den søknadsprosessen ikkje reist krav i frå kommunen si side om dispensasjon frå veglova. Til orientering kan eg nemna att hjørnet på driftsbygning som no vert renovert, ligg ca 11 meter i frå midten av fylkesvegen.
- Som peika på tidlegare, er løa i dårleg forfatning, og kan i dag ikkje brukast til nokon ting på grunn av vatnskader som har svekka takkonstruksjonen til den grad att taket kan rasa inn. Desse skadene har også skada berande veggjar. Austveggen måtte difor gjerast om i 2017. Rommet som vart nytta til fjøs (flor'n) er eit flott rom bygd av tømmer - unikt i sin design for denne delen av Vestlandet. Det rommet har eg fram til no har klart å skjerma frå større skader, men vatnlekkasjar er no synlege ogso der.

Eg ser difor fram til ei rask og positiv handsaming av denne søknaden om dispensasjon i frå veglova.

Med venleg helsing

Inge Herman Rydland  
grunneigar 173/3 Rydland